



Møtereferat

Gruppe/tema: Informasjonsmøte med tillitsvalde i dei fem kommunane som inngår i nye Ålesund

Møtestad: Skypemøte

Dato: 12.3.2018

Tid: 10-11

Møteleiar: Astrid Eidsvik

Deltakarar:	Kommune:
Astrid Eidsvik (møteleiar), Anne B. Emblem	Nye Ålesund
Oppmøtte på felles rom for skypemøte	Haram kommune
Oppmøtte på felles rom for skypemøte	Sandøy kommune
Oppmøtte på felles rom for skypemøte	Skodje kommune
Oppmøtte på felles rom for skypemøte	Ørskog kommune
Oppmøtte på felles rom for skypemøte	Ålesund kommune

Følgande tillitsvalde og HVO hadde motteke innkallinga:

Henrik Dalelid Vedde; Haldor Lillebø; Ann-Cathrin Nyhammer; Randi Alvestad; Michael Werner; Geir Skodje; Maren Kongsnes; Gaute Aamlid; Ingunn Marken; Regine Bruteig; Elin Kilvik Skeide; Ramona A Arnesen Pilskog; Stig Meisal; Bent Leite; Geir Lorentzen; Synnøve Solevågseide; Marita Longva; Lin-Marita Sandvik; Anita Wehn; Arne Neumann; Henrik Andreas Sandjord; Hege Kvalheim; Oda Ødegaard Revheim; Lindis Dalebø; Karl-Terje A Ulvestad; Oskar Sletfjerding; Kristin Nonsvik; Christine Skarbø Berglund; May Brit Gudvangen; Carolin Port; Stig Jacob Johansen; Ståle Evald Ræstad; Kristin Garaas Løchen; Kjetil Odd Korsnes; David Chris Mertsching; Jann Ove Ertresvåg; Inna Sergeevna Solbakken; Elisabeth M Strømmen; Jan Einar Olsen Kvalsvik; Marianne Ottervik; Frode Nordstrand; Hanne Tønning; Stein Inge Skogen; Laila Alvestad; Frank Harneshaug; Linn Jenny Morsund; Anne-Lise Børllin; Beate Furstrand; Gerhard Strand Fitje; Ann Kristin Bueng

Saksliste:

5.3. sendte prosjektleiar ut følgjande kaldenderinnkalling m/saksliste til skypemøte 12.3.18:

«Det blir med dette kalla inn til møte med hovudtillitsvalde i dei 5 kommunane som skal danne nye Ålesund kommune. Saklista til dette møtet er:

1. Status knytt til organisering av dei tillitsvalde mot ny organisasjon. Eg ber om at de førebur å seie noko om dette arbeidet. Det er krevjande for prosjektleiar å forhalde seg til så mange tillitsvalde framover. Derfor er dette sett opp som eige møte.
2. Informasjon om saker som er under arbeid i prosjektorganisasjonen, og då spesielt om arbeidet knytt til administrativ organisering.
3. Eventuelt.

Dersom det er nokon eg har oversett i innkallinga mi, ber eg om at de vidaresender denne invitasjonen. Møtet går føre seg på skype. Eg rår til at dei tillitsvalde i kvar kommune samlar seg på ein stad, slik at dette blir enklare oppkoblingsmessig. Mvh Astrid J. Eidsvik»



Referat og konklusjonar:

1. Organisering av dei tillitsvalde mot ny organisasjon – oppretting av kontaktutval for tillitsvalde og øvrig informasjonsarena for tillitsvalde i alle kommunane

Det vart vist til referat frå sist informasjons- og drøftingsmøte 21.11.17, der det vart drøfta oppretting av kontaktutval, i referatet står følgjande:

«Fagforeningane er positive til oppretting av kontaktutval som fora mellom tillitsvalde og prosjektorganisasjonen ved prosjektrådmannen. Partane er einige om at drøftinga om innhald i og samansetjing av kontaktutvalet ikkje skal slutførast i møte, men må arbeidast med over tid.»

Kontaktutvalet er også innteikna i organisasjonskartet for prosjektet som ligg på nettsida.

- Prosjektleder ynskjer å få på plass det **formelle kontaktutvalet for drøfting** med tillitsvalde etter HTA, slik at saker kan drøftast med eit mindre utval representantar. Drøftingsmøta vil i hovudsak vere fysiske møter. Det formelle kontaktutvalet bør bestå av ein representant frå kvar hovudsamanslutning (LO, YS, UNIO og Akademikerne/NITO) frå kva kommune. Dette vert 5 kommunar x 4 samanslutningar = 20 arbeidstakarrepr. Prosjektleder ber kvar kommune melde inn namna på desse **fire** representantane.
- I tillegg skal prosjektleder fortsetje med **informasjonsmøter på skype med alle tillitsvalde** i alle fem kommunane. Det vert lagt opp til slike informasjonsmøter kvar 3. veke. Prosjektleder ber kvar kommune om å melde inn namna på dei tillitsvalde som skal ha invitasjonen til desse større informasjonsmøta på skype. Her kan i utgangspunktet alle HTV for kvart enkelt forbund delta frå kvar kommune.

2. Informasjon om saker som er under arbeid i prosjektorganisasjonen

Astrid Eidsvik gjennomgikk presentasjon som var gitt på seminaret for prosess og føringar for administrativ organisering.

Ho orienterte om informasjonsarbeid internt og eksternt, innbyggarmagasinet og facebookside.

Ho orienterte også om arbeid i delprosjekta og nye faggrupper som er under oppretting: NAV, val 2019, eigedom, kultur og beredskap. Delprosjekt for tenesteområda kjem på plass etter vedtak om overordna administrativ struktur 9. mai. Utfordringa er å få til gode mandat som er effektive og tydelege på kva som skal leverast. Koordinering i prosjektlederforum.

Prosjektleder orienterte også om endringar i prosjektorganisasjonen: Bente Glomset Vikhagen er tilsatt som assisterande prosjektleder 100 % frå 1. april. Det blir også internt utlyst to 50% prosjektstillinger som assisterande prosjektledarar.

Møtet vart avslutta kl. 11

Anne B. Støyva Emblem
referent